

ER DEI DANSKE DIALEKTANE DØYANDE ELLER DØDE? DIALEKTSITUASJONEN I DANMARK SETT MED NORSKE AUGO¹

Av Gunnstein Akselberg (Universitetet i Bergen)

1 Innleiing

I artikkelen diskuterer eg om dialektane i Danmark er *døyande* eller *døde*. I mange år har vi i Noreg høyrte at dei danske dialektane både er døyande og døde, og det same høyrer vi framleis. Dødslegjetilstanden ser såleis ut til å vara ved, men no vert det kanskje lagt større vekt på at dei danske dialektane *er* døde. Vi har også i mange år fått høyra at dialektane i Danmark er erstatta med regionalspråk. Kva tyder dette?

I den faglege debatten om regionaliseringsprosessar i Noreg, viser ein ofte til den tilsvarende danske, men referansane vert nytta utan at ein tek særleg omsyn til at omgrepa *talemålsregionalisering*, *regionaltalemål* (*regionalmål*, *regionalspråk*) og *dialekt* vert nytta ulikt i dei to landa. Av di dansk regionaliseringstenking har fått eit visst nedslag i Noreg, vil ei jamføring av *dialekt*- og *regionalmålforståinga* kunna få fram særtrekk ved termbruken i dei to landa. Jf. Akselberg 2002a, 2002b.

2 Ulike kontinuum

2.1 Det danske dialektkontinuumet

I Danmark ser fagfolka ofte talemålsutviklinga langs eit kontinuum mellom dei to ytterpunkta '*klassisk*' *dialekt* og *standardtalemål*. Sjå fig. 2 bak i artikkelen. Talemålet er helst *dialektnært* eller *standardnært*, men i mellomrommet kan det finnast *mellomspråk*, *regionalmål*, som kan vera '*variationskontinuum*' eller '*blandingssprog*' (jf. Brink 1986, Brink og Lund 1975, Kristiansen 1992, Kristensen 1977, 1979). Standardnært talemål tyder i dansk samanheng oftast eit københavnskprega talemål.

Tore Kristiansen (t.d. 1999, 2003) meiner forresten at det er lite fruktbart å operera med omgrepet *regionalsprog* i Danmark.

Det er råd å tolka han slik at mest alt talemål i Danmark, helst mellom dei yngre, er ein variant av riksspråket. Appellativet *regionalsprog* er forresten, interessant nok, ikkje brukt som term i *Den Store Danske Udtaleordbog* (red. Lars Brink m.fl. 1991).

2.2 Dei norske dialektkontinuuma 1 og 2

I Noreg ser fagfolka ofte utviklinga av dialektane i eit kontinuum mellom ytterpunktet ‘*tradisjonell*’ og ytterpunktet ‘*moderne*’, ‘*utvatna*’ eller ‘*endra*’ dialekt (dialektkontinuum 1), eller i eit kontinuum mellom *to ulike dialektar*, dialekt A og dialekt B (dialektkontinuum 2).

Ein ‘*moderne*’, ‘*utvatna*’ og ‘*endra*’ dialekt er ikkje identisk med verken eit standardtalemål eller eit bymål. Norske dialektar ligg ein stad i kontinuumet mellom dei to ytterpunkta, ‘*tradisjonell*’ og ‘*moderne*’ (‘*utvatna*’, ‘*endra*’), og påverknaden kan gå i begge retningar. Dialektane kan også vera identiske med det eine ytterpunktet, altså ‘*tradisjonelle*’ eller ‘*moderne*’. Dette er dialektkontinuum 1. Sjå fig. 3 bak i artikkelen.

Ein kan også sjå dialektendringa i eit kontinuum mellom *to forskjellige dialektar*, A og B, der dei to dialektane kan påverka kvarandre gjensidig. Ofte ser ein dialektane i eit slikt perspektiv når ein skal karakterisera den eine i høve til den andre, t.d. ved bruk av ein kombinasjon av forskjellige målmerke. Dette er dialektkontinuum 2. Sjå fig. 4 bak i artikkelen.

I Noreg er det ei forståing om at det finst ulike varietetar av ein dialekt som ‘*lever*’ samstundes side om side, både i byane og på landsbygda. Om to forskjellige dialektar skulle bli meir like for einskilde variablar, t.d. ved utjamning eller forenkling, treng ikkje det tyda at den eine dialekten er i ferd med å bli identisk med den andre. Utjamning (‘*levelling*’) og forenkling (‘*simplification*’) i einskilde språklege sektorar (fonologi, morfologi, syntaks, leksikon og prosodi) og for einskilde språklege variablar treng ikkje vera eit steg mot dialektdøden. I dansk talemålsforsking kan det derimot finnast ein unyansert dikotomi mellom ein ‘*tradisjonell*’ dialekt og ein variant av

¹ Artikkelen er eit forsøk på å framstilla forskjellige danske dialektsyn og den rolla dei kan ha. Framstillinga presenterer viktige hovudtrekk og byggjer på sentral faglitteratur som er representert i teksten med eit utval referansar. Artikkelen gjev smakebitar av eit tema som treng ein breiare presentasjon seinare.

rikstalemålet eller københavnsk, der *døds-* og *dødslægjemetaforikken* kan ha ein sentral plass.

2.3 Det norske dialektkontinuum 3

Einskilte norske talemålsforskarar, til liks med ein del av den norske allmenta, ser rett nok den norske talemålsutviklinga i eit liknande kontinuum som ein gjer det i Danmark, med ein '*tradisjonell*' *dialekt* som det eine ytterpunktet og ein eller annan '*landsgyldig*' *norsk* '*standarddialekt*' som det andre. Nokre vil meina at bak all norsk talemålsending lurar eit nasjonalt 'standardtalemål' (dvs. ein søraustnorsk 'standard' eller ein varietet av Oslo-målet). I dette kontinuumet går talemålsendinga berre i éi retning. Sjå fig. 5 bak i artikkelen.

Det er truleg dei færraste nordmennene som har ei mental førestelling om at det finst ein 'landsgyldig' standarddialekt, og som meiner at ein slik standard er identisk med ei sentraustnorsk talemålsnorm eller ein varietet av Oslo-målet, men somme kan ha ei førestelling om at eit talemål som ligg nær opp til skriftforma bokmål, kan fungera slik. Standardomgrepet er i det heile problematisk i norsk talemålssamanheng både av di vi ikkje har noka 'offisiell' landsgyldig talemålsnorm, og av di også lokale dialektar kan ha ein standard. – I Danmark ser standardtalemålet alltid ut til å vera identisk med rikstalemålet, og rikstalemålet er vanlegvis identisk med ein variant av københavnsk.

3 Dialektavgrensing – statikk eller dynamikk

3.1 Fire sentrale dialektdimensjonar

Det er fire hovudskilnader i forståinga av *dialektomgrepet* mellom fagfolk i Danmark og Noreg. Den eine skilnaden gjeld oppfatninga av *kven* som *snakkar dialekt* (*brukardimen-sjonen*). Den andre skilnaden gjeld oppfatninga av korleis ein skal *avgrensa* ein dialekt, dvs. kvar dei språklege og geografiske dialektgrensene går (*avgrensingsdimensjonen*). Den tredje skilnaden gjeld oppfatninga av *endringspotensialet* i ein dialekt (*endringsdimensjonen*), og fjerde skilnaden gjeld *språkleg identitet* og *haldning* (*identitets- og haldningsdimensjonen*). Sjå fig. 1 nedanfor.

Brukar- dimensjon	Avgrensings- dimensjon	Endrings- Dimensjon	Identitets- og haldnings- dimensjon
----------------------	---------------------------	------------------------	---

Fig. 1. Fire aktuelle dialektdimensjonar

3.2 Dialektforståing mellom norske fagfolk

Innom den norske dialektologien og sosiolingvistikken er det i dag ein nokså utbreidd konsensus om at *alle*, i byane som på landsbygda, i Noreg som i andre land, snakkar dialekt. *Dialektar* er *variantar* innafor den større eininga *språket*, t.d. norsk språk, og variantane kan representera geografiske eller sosiale skilnader, dvs. dei kan vera *geolektar* eller *sosiolektar*. Omgrepet *dialektar* er såleis eit samleomgrep for geolektar og sosiolektar. (Jf. Sandøy 1996: 11, 19 f., 22.)

Norske granskarar er ikkje særleg opptekne av kvar dei ‘eksakte’ *språklege* og *geografiske grensene* mellom dialektane går. Det er vanleg at ein gjev ei beskriving av dialektane i by og bygd, og det er ikkje av særleg interesse for avgrensinga av norske dialektar om dei språklege skilnadene mellom to dialektar er ‘store’ eller ‘små’, mange eller få. I Noreg er ein heller ikkje særleg oppteken av kvar den ‘eksakte’ geografiske utbreiinga av ein dialekt går.

Mange norske talemålsgranskarar har dessutan den oppfatninga at dei einskilde dialektane heile tida er i *endring*. At dialektar endrar seg, tyder ikkje at dialektane forsvinn eller døyr. Dialekt- og talemålsendringar er heilt naturlege prosessar. Innom ein eller fleire av dei språklege sektorane skjer det stendig ei eller anna endring, men endringar er ikkje like frekvente innom alle sektorane. Dialektane har forandra seg til alle tider, men endringsprosessane kan ha ulikt tempo. For nokre trekk tek det uhorveleg lang tid før dei slår i gjennom (jf. t.d. Sandøy 2000). Innom leksikonet t.d. skjer det endringar heile tida, medan brigde innom det prosodiske feltet finn stad mykje sjeldnare.

I Noreg kan eigen dialektbruk og positiv *haldning* til dialekt(ar) ha nær samanheng ein (sterk) *lokal identitet*, men slik er det ikkje alltid. Eigen dialektbruk og positiv haldning til dialekt(ar) har derimot ofte (sterk) samanheng med eins *personlege identitet* og med heller svak eller til og med *negativ lokal identitet* knytt til staden som dialekten representerer.

3.3 Dialektforståing mellom danske fagfolk

Dialektsynet varierer mykje mellom danske språkgranskarar, og særleg av di omgrepet ‘dialekt’ vert nytta med *ulike innhald om danske tilhøve*, kan det ofte vera vanskeleg for nordmenn å orientera seg i den danske faglitteraturen. Grovt sett finst det to danske dialektsyn som representerer ulike tilhøve til dei fire dialektdimensjonane (kap. 3.1). Tilhengjarane av det fyrste synet (dialektsyn 1) reknar med at det finst både danske dialektar og danske regionalmål, medan tilhengjarane av det andre (dialektsyn 2) reknar med at dei danske dialektane er døde eller døyande og stiller seg skeptiske til fenomena regionalisering og regionalsprog.

Det fyrste dialektsynet (dialektsyn 1) synest å liggja nær det norske, utan at dei to forståingane fell saman. Dette synet vert representert m.a. ved talemålsgranskarar som Bent Jul Nielsen (t.d. 1991), Karen Margrethe Pedersen (t.d. 1991) og Inger Ejsskjær (t.d. SDE 1996), og fonetikarar som Steffen Heger (1981) og Jørgen Rischel (t.d. 1996). Kjenneteiknet ved dette synet er at dialektane vert avgrensa frå kvarandre på grunnlag av ein kombinasjon av dialekttrekk. Dette er den vanlege danske dialektdefinisjonen.

Inger Ejsskjær si framstilling av *danske dialektar* i *Den Store Danske Encyklopædi* (SDE) band 4 (1996: 107–09), representerer ei erkjenning om at det *finst* danske dialektar i dag:

[...] stedbundne talte varianter af dansk sprog. Disse lokale talesprog kendetegnes ved bestemte kombinationer af sproglige træk; hvert enkelt træk vil teoretisk set også kunne forekomme i andre dialekter. (*Den Store Danske Encyklopædi*, band 4, 1996: 607, spalte 1.)

Ho avsluttar artikkelen med å skriva at

[k]lassisk dialekt som ovenfor beskrevet kan formentlig nu kun undtagelsesvis høres med alle træk bevaret hos den samme person. Udtyndet dialekt eller regional dialekt har færre træk bevaret, og de er ikke så stabilt repræsenteret som i klassisk dialekt. Det samme gælder for såkaldt regionalsprog [...]. (*Den Store Danske Encyklopædi*, band 4, 1996: 609, spalte 1.)

Det er vanskeleg å tolka dette annleis enn at ho meiner det finst danske dialektar i dag i alle aldersgrupper, sjølv om det er få som nyttar ‘tradisjonell’ dialekt. Måten omgrepet *dialekt* vert avgrensa på ein annan stad i *Den Store Danske Encyklopædi* t.d., kan gje rom for at det eksisterer *mange* dialektar i Danmark:

Når det gjelder et sprog som dansk, der har en standardiseret skriftlig norm og en forholdsvis standardiseret rigsmålsudtale, betegner man ofte *enhver lokal afvigelse* fra denne *rigsmålsudtale* som dialekt. Det kan her være *ret små afvigelser*, fx i *tonegang*, i udtale af visse vokaler, fx a-kvaliteten i et ord som *bakke*, eller i brugen af bestemte grammatiske konstruktioner [...] [mine uthevingar]. (*Den Store Danske Encyklopædi*, band 5, 1996: 111, spalte 3.)

Leksikonartikkelen er signert fonetikaren Jørgen Rischel, og avgrensinga ligg tett opp til den dialektforståinga som mange norske fagfolk har. Men éin skilnad er viktig: Omgrepet dialekt vert, på same måten som definisjonen av omgrepet regionalspråk, definert ‘*ovanfrå*’, dvs. med utgangspunkt i rikstalemålet. Danske dialektar og regionalmål vert ‘målte’ i høve til kor mykje dei vik av frå rikstalemålet. I Noreg vert dialektane hovudsakleg målte ‘*nedanfrå*’, dvs. i høve til nabodialektane (både bygde- og bymål).

Det andre dialektsynet (dialektsyn 2) vert representert m.a. ved Lars Brink, Jørn Lund og Tore Kristiansen. Denne retninga bryt med den danske tradisjonen som er skissert ovanfor. For fleire av dei som fell innom den Brink-Lund-Kristiansenske retninga er dialektomgrepet identisk med ‘tradisjonell’ dialekt. ‘Moderne’ danske talemålsvarietetar vert ikkje definerte som dialektar, dei er definatorisk fråverande, men vert kategoriserte som anten regionalspråk eller variantar av rikstalemålet/københavnsk. I eit slikt perspektiv vil sjølvsagt dei danske dialektane i dag vera døde. Dette synet finst mellom granskarar som studerer regionaliserings-spørsmål.

Ifylgje denne retninga (dialektsyn 2) *endrar* ikkje dei ‘tradisjonelle’ danske dialektane seg, dei døyr. Ein viktig grunn til dette synet er at situasjonen vert forstått som eit rekrutteringsproblem: Få eller ingen av dei unge held fram med å bruka den ‘klassiske’ dialekten. I eit slikt ljøs kan det berre vera København-dialekten som endrar seg. Dersom andre danske dialektar endrar seg, endrar dei seg i takt med endringar i københavnsk.²

² Eg ser her bort frå etnolektiske tilhøve med bakgrunn i språkmøte, t.d. i grenseområda mot Sverige og Tyskland og møte med ‘innvandrarspråk’ i storbyar som København og Århus.

Når det gjeld *identitets- og haldningsdimensjonen*, er meininga om at ei *positiv haldning* til dialekt(ar) må ha samband med ein (sterk) *lokal identitet* (Kristiansen 1992: 243–44), representert innom denne retninga (dialektsyn 2). Jf. kap. 3.2. Vert den lokale tilknytninga svekka eller borte, vil ikkje dialektane ha nokon lokal identitetsfunksjon, og difor døyr dei.

Forståinga av omgrepet regionalspråk innom denne retninga (dialektsyn 2) kan tolkast som om at det eksisterer regionalmål og dialektar side om side, men ho kan òg tolkast som om det ikkje kan eksistera dialektar i eit avgrensa geografisk område der det finst regionalmål. I Danmark vert forresten både omgrepet regionalspråk (R) og dialekt (D) karakteriserte med nøyaktig dei same språklege særtrekka: *tonegang, trykk, stød, vokalkvalitet og faste uttrykk/særtrekk ved leksikonet*. Det er *mengda* av variasjon som avgjer om vi har med R eller D å gjera (jf. Jul Nielsen og Pedersen 1991).

Granskarar som Inge Lise Pedersen og Kjeld Kristensen fell ein stad mellom desse to dialektoppfatningane, kanskje nærare den Brink-Lund-Kristiansenske enn den Ejskjær-Rischelske på grunn av deira vurdering av regionalmål og dialektar.

Det er interessant å merka seg at medan den fyrste retninga (dialektsyn 1) er oppteken av å definera termene dialekt og regionalsprog, synest dette å vera av mindre interesse inn den andre retninga (dialektsyn 2).

Mellom danske forskarar er det ei nokså allmenn oppfatning om at *ikkje alle* snakkar dialekt. I dag kan danske dialektar finnast hjå eldre, eller i område som ligg geografisk fjernt frå København, t.d. i Sønderjylland, på Bornholm og på ‘isolerte’ stader på Jylland.

Ein annan skilnad i dialektforståinga mellom Danmark og Noreg at er danske dialektologar og sosiolingvistar er meir opptekne av å *trekkja grenser* mellom dialektane enn nordmennene. Danske dialektologar har som regel lagt mykje vekt på å skilja dei danske dialektane frå kvarandre, språkleg og geografisk. Dialektologar og sosiolingvistar har tradisjonelt hatt, og har framleis, ei førestelling om at det skal vera klare språklege grenser mellom dialektar. Kristiansen formulerer det slik:

Tradisjonelt har man inden for sproghistorien og dialektologien bestræbt sig på at lægge grænser mellem sproglige varieteter på grundlag af sproglige data alene. Det kunne også med rimelighed lade sig gøre så længe Danmark var et dialektsamfund med 'egentlige' dialekter på den ene side og rigsdansk på den anden. (Kristiansen 1992: 215.)

3.4 Døds- og dødslægjemetaforikken

I den internasjonale litteraturen vert det stundom rekna med fire typar språk- og dialektdød: *gradvis*, *brå*, *radikal* og *botn-til-topp død* (Mesthrie 2000: 254). *Gradvis dialektdød* tyder at eit språk eller ein dialekt gradvis vert erstatta med eit anna språk eller ein annan dialekt, med eit mellomsteg med bidialektisme. *Brå dialektdød* er rask utrydding av ein dialekt utan eit mellomsteg med bidialektisme. Den siste dialektbrukaren er éindialektal. *Radikal dialektdød* inneber at dialektar vert utrydda ved politisk undertrykking. Dialektbrukarane sluttar å bruka sitt eige språk for å verna seg sjølv mot forfølgjing. *Botn-til-topp dialektdød* er situasjonar der ein dialekt sluttar å verta brukt i dagleg kommunikasjon, men der han derimot vert nytta i særlege samanhengar som i folkesongar, folkeeventyr og til religiøse føremål.

Desse dødsmaatane er svært problematiske å nytta på nordiske dialekttilhøve, primært av di modellen ikkje diskuterer kva for språklege felt ein opererer med og det er uklart korleis ein skal 'mæla' språk- og dialektdød. Sett i ljøs av slike problematiseringar er ingen av dei fire dødsmaatane særleg karakteristiske for dei nordiske dialektendringsprosessane i dag. *Radikal språkdød* er heilt uaktuell i Norden i dag, noko dei tre andre dødsmaatane òg er, med mindre ein definerer eit '*nyare endringssteg*' som ein annan dialekt, som eit 'mellomspråk' eller som ein variant av eit riksspråk. *Gradvis språkdød* kan forresten nyttast om den danske og svenske situasjonen der dialekt vert nytta i den private sfæra og riksspråk i den offentlege.

4 Regionalmål – statikk eller dynamikk?

Vi kan tenkja oss at regionalmåla kan endra seg på to hovudmåtar. Dei kan anten endra seg *som ein heilskap*, eller dei kan endra seg ved å *bli splitta opp*. Den fyrste endringsmåten kan resultera i eit slikt scenario: Dersom språkendringsmodellen om at også regionalspråka er på retur (Kristiansen 2003), er gyldig, må standardiseringsprosessen i Danmark no vera så kraftig og komen så langt at dansk ungdom berre har svært få lokale og regionale talemålstrekk, dvs. at dei aller fleste

danske ungdomane no snakkar meir eller mindre riksdansk eller københavnsk med litt variasjon. Ein slik situasjon må tyda at alle endringar i københavnsk nokså raskt når ut i heile kongeriket, og at talemålsendringar i København stendig blir overtekne (kopierte) i provinsen, medan lokale talemålsendringar anten ikkje vil finna stad eller bli konstant undertrykte.

Den andre endringsmåten kan føra til fylgjande scenario: Dersom det er blitt etablert eit regionalmål i ein eller annan geografisk region, t.d. i regionen 'heile Sørøstlandet' eller regionen 'heile Danmark', vil det etter ei tid visa seg *regionale avvik* som fører til at det utviklar seg nye regionalmål (Danmark) og nye geolektar eller regionalmål (Sørøstlandet). Etter ein slik modell kan eit '*tjukt*' *regionalmål* råda grunnen åleine ein viss periode, medan eit '*tynt*' *regionalmål* vil dominera i oppbyggingsfasen og i avviklingsfasen. I Noreg er det mest rimeleg at vi i fyrste omgang kan få utvikla mange 'tynne' regionalmål.

For at den fyrste situasjonen skal kunna haldast ved like, må det sterke standardiseringskrefter til, sjølv i ein virtuell tidsalder. Det er lite truleg at ein slik situasjon vil vara ved. Den andre situasjonen er i tråd med allmenne språkhistoriske utviklingstendensar. – Også her ser eg bort frå etnolektar språkmøtesituasjonar, jfr. note 2.

5 Folkelingvistiske normførestellingar – dialekt og regionalmål

Vi har sett at det er ulike normførestellingar mellom fagfolk i Danmark og Noreg både når det gjeld dialektomgrepet og regionalmålmogrepet. Men det er òg viktig å vita korleis desse førestellingane høver med dei 'folkelege' førestellingane, av di det er med å kasta ljøs over dialekt- og regionalmålsforståinga i eit land. Dette tilhøvet veit vi ikkje så mykje om, hovudsakleg av di vi manglar (empiriske) granskingar, men i Danmark er det gjort mindre granskingar om *folkelingvistiske* tilhøve. Her har vi difor mest berre intuisjonen å byggja på.

I Danmark er det nok langt på veg god samanheng mellom fagfolka og allmenta sine førestellingar om dialekt både innom *brukardimensjonen*, *endringsdimensjonen*, *avgrensingsdimensjonen* og *identitets- og haldningsdimensjonen* som eg presenterte i kap. 3.1. Dei fleste danskane meiner i dag at dei ikkje snakkar dialekt, men at dei nyttar ein eller annan variant av riksdansk. Når det gjeld regionalmål, har dei vanlege danskane inga eller ei svært vag førestelling om kva dette omgrepet måtte dekkja (jfr. Ladegaard

1999). Mange meiner også at dialektane anten er døde eller ligg på dødslægjet. Dessutan meiner truleg mange at det er vanskeleg å trekkja grenser mellom dei talemålsvarietetane som finst, bortsett frå avgrensinga av sønderjysk, andre jyske og øydanske varietetar. Gjennom mykje av litteraturen får vi inntrykk av at dei fleste har ei negativ haldning til dialekt(ar). Positiv respons på riksdansk/københavnsk treng likevel ikkje tyda at ein vurderer denne varietetten meir positivt, og at ein finn seg betre til rette med den enn med andre danske talemål, men positiv respons kan derimot vera uttrykk for at ein gjennom sosialisering i heim og skule er opplærde til at denne varietetten har ein spesiell funksjon og status.

I Noreg er det truleg relativt god samanheng mellom den folkelege og faglege oppfatninga av *brukardimensjonen* og *identitets- og haldningsdimensjonen* ved talemålet, men det finst ei større eller mindre gruppe yngre og eldre nordmenn særleg i byane og i dei øvre sosiale laga som meiner at dei ikkje snakkar dialekt og som kan ha ei negativ haldning til dialekt(ar), t.d. i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Kristiansand. Når det gjeld *endringsdimensjonen*, er det derimot ein del nordmenn som i dag meiner at dialektar kan døy dersom dei endrar seg for mykje. Den *statiske normførestellinga* kan vera heller sterk. Nordmenn flest har dessutan ei temmeleg klar oppfatning av korleis norma for eigen dialekt skal vera (*avgrensingsdimensjonen*). Mange har også klare oppfatningar av korleis talemålsnormene for nabadialektane og ein del av dei 'kjende' norske dialektane skal vera.

Omgrepet 'regionalisering' er noko dei aller fleste nordmennene ikkje har noko tilhøve til. Termen er svært ny i Noreg, særleg i den offentlege sfæren, slik at mange aldri har høyrte om fenomenet og langt mindre kjenner dei termen.

6 Avslutning

Det finst fleire og ikkje eitt enkelt svar på spørsmålet i overskrifta. Sett med faglege norske augo finst det både danske dialektar og regionalmål i dag, også hjå dansk ungdom. Københavnsk er også ein dialekt. Sett frå ein norsk folkelingvistisk ståstad finst det også danske dialektar. Sett med danske faglege augo finst det fleire svar på spørsmålet. Med bakgrunn i Rischel sin definisjon finst det mange dialektar i dag også mellom dei unge, noko som også stemmer for Ejskjær si dialektavgrensinga, men Ejskjær sin definisjon er ikkje så vid som Rischels. Ho fokuserer på 'klassiske' dialektar, og hjå ho har dessutan regionalmåla ein stor plass. Kristiansen erklærer

derimot dialektane og delvis regionalmåla for døde. I eit forskningskontinuum representerer såleis Rischel det eine ytterpunktet og Kristiansen det andre, medan dei andre talemålsgranskarane fell ein stad i mellom.

Om alle danske ungdomar under 20–25 år i dag skulle snakka ein variant av riksspråket eller københavnsk, ville det likevel ta minst 50–75 år til før dei danske dialektane var døde dersom situasjonen elles var den same. Dialektar finst så lenge nokon har dei som ‘normalspråk’ Ein dialekt er ikkje død før den siste dialektbrukaren er det.

Problemstillinga om døde, halvdøde eller levande dialektar illustrerer godt kva for avgjerande tyding val av *modellar* og *terminnhald* får på *analyseresultat*, *faglege normer* og vår *oppfatning av (talemåls)verda*. I tillegg til at kulturelle og faghistoriske skilnader kan vera årsak til den ulike *dialektforståinga* mellom fagfolk i Danmark og Noreg, mellom fagfolk i Danmark, og dels mellom fagfolk i Noreg, kan det òg liggja forskjellige *talespråklege syn* og dessutan *språkpolitiske*, *kulturpolitiske* og *politiske interesser* bak.

Litteratur

- Akselberg, Gunnstein. 2002a: Gransking av regionaltalemål i Noreg – Bakgrunn og særtrekk. *Nordica Bergensia* 28. 3–33.
- Akselberg, Gunnstein. 2002b: Talespråkleg regionalisering i Noreg – Keisarens nye klede? *Nordica Bergensia* 28. 35–59.
- Brink, Lars m.fl. (red.). 1991: *Den Store Danske Udtaleordbog*. [København] : Munksgaard, 1991.
- Brink, Lars og Jørn Lund. 1975: *Dansk Rigsmål*. 1–2. *Lydudviklingen siden 1840 med særligt henblik på sociolekterne i København*. København: Gyldendal.
- Brink, Lars 1986): Om begreberne rigssprog, standardsprog og dialekt. *Nysvenska Studier* 66. 5–42.
- Den Store Danske Encyklopædi*. 1996: Band 4; 1996. Band 5. København: Danmarks Nationalleksikon/Gyldendal.
- Ejskjær, Inger. 1965: Regionalsprog og lokalt vestjysk regionaldansk. *Dialektstudier* 1. 7–50. København: Akademisk forlag.
- Heger, Steffen. 1981: Sprog og lyd. Elementær dansk fonetik 2. udg. København: Akademisk Forlag.
- Jul Nielsen, Bent og Karen Margrethe Pedersen. 1991: *Danske talesprog. Dialekter, regionalsprog, sociolekter*. København : Gyldendal.
- Kristensen, Kjeld. 1977): Variationen i vestjysk stationsby-mål. I: *Dialektstudier* 4:1. 29–109. København: Akademisk forlag.
- Kristensen, Kjeld. 1979: Kvantitative blandingssprogsstudier. I: *Dialektstudier* 4:2. 161–236. København: Akademisk forlag.

- Kristiansen, Tore. 1992: Har regionalsprog en fremtid i Danmark? *Danske Folkemål* 34, 203–47.
- Kristiansen, Tore. 1999: *Unge sprogholdninger i Næstved 89 og 98. Danske Folkemål* 41. 139–62.
- Kristiansen, Tore. 2003: Sproglig regionalisering i Danmark. I: *Rapport frå 7. nordiske dialektologkonferansen på Voss 14.–18. august 2002*. Under prenting.
- Ladegaard, Hans J.. 1999: Dansk rigsmål i et socialpsykologisk perspektiv. En diskussion og empirisk analyse af rigsmålsbegrebet. *International Journal of Language and Communication* 11. 3–44.
- Mesthrie, Rajend, Joan Swann, Andrea Deumert og William L. Leap. 2000: *Introducing Sociolinguistics*. Edinburgh: Edinburgh University.
- Pedersen, Inge Lise. 1985: Dialektudtynding på Fyn. Et forsøg med implikationsanalyse. *Danske Folkemål* 27. 83–102.
- Sandøy, Helge. 1996: *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 2000: Utviklingslinjer i moderne norske dialekter. *Folkmålsstudier* 39. 345–84.



Fig. 2. Det danske talemålskontinuum




Fig. 3. Det norske dialektkontinuum 1




Fig. 4. Det norske dialektkontinuum 2




Fig. 5. Det norske dialektkontinuum 3